

Fossevika kraftverk, Kort faktagjennomgang og synspunkt.

Det er ikkje søkt NVE om utbygging av kraftverk i Fossevika før denne søknaden som er sendt no. Altså har det heller ikkje vore gjeve avslag frå NVE, som enkelte trur. Det som har vore søkt om tidlegare er overflytting frå kategori II til kategori I i Samla plan. Men denne søknaden vart trekt attende den gongen før den vart behandla av NVE, og no gjeld nye reglar om dette.

Underskriftskampanjen sist var basert på desinformasjon og skremselspropaganda med animasjonsbilete av demme og rørutløp som ikkje hadde noko med planane den gongen å gjera. Sjå vedlagde «skremsels» animasjonsbilete frå «Firda» frå 2004. Dette slit me med enno. No er det planlagt tunnell heile vegen, og nedgravd rør nede ved sjøen oppom kraftstasjonen. Det er ikkje planlagt regulering av Fossdalsvatnet. Det heile vert lite synleg utanom sjølve kraftstasjonen som ikkje vert mykje større enn Pihl sitt nye grindebygg ved hans kai i Fossevika. Etter Pihl sitt ynske er også stasjonen planlagt vest om hans bygningsmiljø i Fossevika.

Sidan Fossdalsvatnet ikkje skal regulerast og det er planlagt minstevassføring vil kraftverket i eit normalår ikkje vera i drift i over ein månad i året på grunn av for lite vatn. Då vil vatnet i vassdraget renna som før ei eventuell utbygging. Sameleis vil det i tillegg til minstevassføringa, to månader i året vera så mykje vatn at ikkje alt går i turbinen. På dei mest våte dagane vil ein ikkje sjå så mykje skil på vassføringa som den var før. Inga tørrlegging av elva! Sjå bilete av minstevassføring sumar og vinter. 400 og 120 l/s. (Sjå bilete i søknaden vedlegg 6.) Dessutan utgjør restfeltet over 18% av det som vert utbygd, og det kjem inn over Fossvikefossen.

Fossdalsvassdraget er ikkje verna slik som Gaularvassdraget. Der er det likevel bygd mange småkraftverk dei siste åra etter vernevedtaket. Fossdalen er heller ikkje uberørt av naturinngrep frå tidlegare, det går to kraftliner gjennom dalen no. Og den nye brua viser også godt i landskapet. Sett frå Dale er det den som no er mest dominerande. Frå parkeringsplassen på vestsida av brua er det no rydda sti mot turlagshytta Nipebu. Frå denne stien ser ein knapt Fossvikefossen eller kraftstasjonen sidan stien går vestom og ovanfor kraftstasjonen og fossen. Oppe i Fossdalen går stien over dei nyresturerte bruene over elva under Fossdalsfossen og nordvestover, slik at ein heller ikkje ser terskelen og inntakshuset i sørenden av Fossdalsvatnet. Kraftlinjene vil ein på denne strekninga kunna sjå på heile tida, delvis i «himmelsynet». På «arkivfoto» av Fossdalsfossen som var vist no i Januar og tidlegare i reklame for kor fint det er. Der viser kraftlinjene tydeleg. Og vassføringa er mindre enn det som er søkt om i minstevassføring. Men det er vel i finversdagar ein går på lengere turar til fjells.

Det har vore hevda frå turlagsfolk at bruken av området har «eksplodert» etter at Dalsfjordbrua kom og turstiane vart rydda og merka til mellom anna Nipebu. Sanninga er at besøkstala frå til saman 19 overnattingshytter i Sogn og Fjordane Turlag sitt område har auka med 30,7% frå 2014 til 2015. Dette har også frå andre kjelder samanheng med relativt fint ver i den tida turaktiviteten er størst. For Nipebu er auken på 34,1%, altså 3,4% over snittet for området. Når me då tek med at Nipebu utgjør 12,7% av totalen i området er vel beskrivelsen «eksplodert» å ta litt sterkt i. Det er elles interessant å merka seg at tekniske synlege inngrep i landskapet, Dalsfjordbrua, har gjort tilgangen til området lettare medan ei utbygging i Fossevika vil vera svært «konfliktfylt».

På nasjonalt plan er det vedteke å satsa på fornybar energi, vatn og vind, i samarbeid med Sverige, mellom anna med ei felles ordning med grønne sertifikat på utbygging av fornybar energi. Så langt ligg me langt etter planen, og Sverige bygger mest, også med norske pengar. Ynskjer kommunane å få sin del av desse investeringane? Vestlandet har vind og Fossdalen har vatn. Så langt er energi frå vatten mest lønsamt og viser minst i landskapet.

Planlagde investeringar i Fossevika kraftverk er over 50 millionar, og til svarar ca. 10 årsverk fordelt på ca. to år. Tidlegare erfaringar tilseier at mesteparten vert utført av lokale entreprenørar. For Askvoll kommune er potensiale på fleire hundre tusen i eigedomsskatt. Alle fallrettseigarane har bustadadresse Fjaler og har felles oldemor/tippoldemor frå Fossedalen. Potensielle skatteinntekter frå fallrettseigarane er større enn eigedomsskatten til Askvoll.

Fallrettseigarane synest det er positivt med lokal næringsutvikling og at me har fått Dalsfjordbrua. Håpar også då at N VE er positive til våre planar om næringsutvikling i Dalsfjorden! Då beheld Fossdalsfolket den eletriske straumen også etter at 22 kilovoltlina vert riven. Og der kjem inn nokre kroner til «slunkne kommunekassar».

Tidlegare planar og feilinformasjonar frå motstandarar må no vera historie. Dette vert ein av dei mest skånsame og minst synlege vasskraft utbyggingane i Norge så langt.

Arnulf Aasnes

Jofred Åsnes

Olav Åsnes

Yngve Åsnes

Sollaug Åsnes

- fallrettseigarar og eigarar av gnr. 246 bnr. 4 i Fossevika i Askvoll kommune -